

Vestland Fylkeskommune

Dato: 18.06.2021
Dykkar ref: 2021/2254
Vår ref:

2021/2254 - Høyrings svar planprogram regional plan for klima 2022-2035

Vestland fylkeskommune har igjennom sine nettsider lagt ut til høyring planprogram regional plan for klima 2022-2035, der ein ber om innspel på planprogrammet som skal gjere greie for føremålet med planarbeidet, planprosessen, opplegg for medverknad, kva tema vi skal utdjupe i endeleg plan og behov for utgreiingar

Fylkeskommunen legg til grunn at føremålet med den regionale planen er å mobilisere og samordne innsatsen i fylket og fremje brei, open og inkluderande samfunnsutvikling i heile fylket. Noko som fordrar at fylkeskommunen involverer næringslivet i ulike prosessar i dette arbeidet utover dei som er definert i dei ulike gruppene som er beskrivne i høyringsforslaget.

Maskinentreprenørenes Forbund har innspel til plantema pkt. 2.1 utsleppsreduksjon – redusere klimafotavtrykket og direkte utslepp:

- Skal klima og miljø omstillinga lykkast best må det vere basert på ein felles forståing for utfordringane og korleis dei kan løysast – i fellesskap og ikkje kvar for seg (stat-fylkeskommune-kommunar-næringsliv-leverandørmarknaden).
- MEF oppfordrar fylkeskommunen til å fokusere meir på karbonavtrykket knytt til anleggsprosjekta, ikkje kun klimagassutsleppa. Dette inneber å vere bevisst kva for produkt som inngår i leveransen. Vi meiner klimaarbeidet mister legitimitet i bransjen dersom, i eit tenkt tilfelle, fossilfrie prosjekter blir gjennomført basert på import av stein eller andre varer f.eks. frå land som ikkje har fossilfri kraftproduksjon.
- Det er av stor betydning for klima at ein klarer å få ein vesentleg reduksjon av massetransport, noko som krev at det blir innført tydelege krav i dei statlege planretningslinjene kor kommunane i sitt planarbeid etablerer gode løysingar for etablering av massedeponi (både midlertidige og varige deponi) for å redusere unødvendig massetransport som gjev reduserte utslepp

Maskinentreprenørenes Forbund (MEF) er ein frittstående bransje- og arbeidsgjevarorganisasjon som representerer om lag 2300 små, mellomstore og store bedrifter med ca. 40.000 arbeidstakarar. Hovudtyngda av medlemsbedriftene driv med maskinell anleggsverksemd, men forbundet organiserer også skogsentreprenørar, brønnborarar og gjenvinnings- og avfallsbedrifter. Samla omset medlemsbedriftene for ca. 90 milliardar kroner i året. Forbundet har eigen hovudavtale med LO samt to landsdekkande tariffavtalar. MEF står utanfor NHO». I Region vest (Nord Rogaland og Vestland) representerer MEF om lag 320 medlemsbedrifter med ca. 3300 arbeidstakarar. Samla omsetning for medlemsbedriftene i fylket er på om lag 10 milliardar kroner i året.

Vonar at våre innspel er nyttige i det vidare arbeidet med planprogram regional plan for klima 2022-2035, og ser fram til vidare deltaking i ulike prosessar framover.

Med venleg helsing
Maskinentreprenørenes Forbund (MEF)



Paul Olaf Båraas
Regionsjef
Region vest

Rune Grimstad
Styreleiar
MEF avd. Nord Rogaland
og Hordaland
«sign»

Harald Kvame
Styreleiar
MEF avd. Sogn og
Fjordane
«sign»